



Karoline måtte gje frå seg det gule forkleidet ikveld

**Kelly vann den andre runden i kakekrigen, men Karoline går vidare etter god innsats. Ein av dei 5 måtte takke for seg. Dette var konklusjonen i går kveld. Uskedalens representant verka noko meir stressa enn på opningskvelden, men så vart ho også stilt overfor ei atskillig meir krevjande oppgåve.**

**Oppgåva var todelt - dei 5 skulle lage både cupcake og cakepops og det var ikkje berre enkelt. Vinnaren vann på dei reine smakane og estetikken. I det ligg truleg ei god rettesnor også for framhaldet av kakekrigen,**

Uskedelingen hadde ein ny god kveld som nybakt TV-aktør. Som vinnar dagen før kunne ho be om bistand frå programleiar Fridtjof Nilsen men det betydde truleg ikkje mykje for resultatet.

Generelt held serien seg på den nerve som vi var inne på i går og har ein stram regi. Her er det ikkje mange slingar i valsen og tomprat. Programleiaren er ledig og flink og juryduo Monica og Lars fagleg tunge - så langt vi kan bedømme det.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen